



Børnes kjem i fokus under drøftingane framover om næringsutvikling. (Foto: Erlend Moen)

Den nye fleirtalsgrupperinga ved Knut Prestnes (Senterpartiet) og Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet) har i eit brev til ordførar og rådmann streka under si vilje til brei, politisk satsing på næringsutvikling. Prestnes og Myklebust ønskjer at formannskapet tek saka alvorleg snart.

Også Venstre er på banen: Onsdag skal partiet ha årsmøtet sitt i Husnes Tenestesenter og i eit ope møte etterpå vil næringsutvikling stå sentralt. Partiet sin næringsrepresentant Gunnar Røssland skal ha innleiing og han vil mellom anna komma inn på status og utviklingsmogelegheiter for Børnes-området i Uskedalen. Det har her vore ei viss framdrift i det siste, men det kan satsast mykje meir,

I brevet til Prestnes og Myklebust blir det vist til programdiskusjonane mellom samarbeidspartia etter valet om satsing på næringsutviklingsarbeid og utnytting av næringsareal. Dei to strekar under at den nye fleirtalsgrupperinga er heilt klar seg imellom: På fellesprogrammet (Naustloftavtalen), budsjett og elles i politisk næringsdiskusjon vert det sagt at det skal satsast.

- Her må det gjerast meir, sjølv om mange meiner at "næringslivet går så det susar", vert det sagt, skriv Prestnes og Myklebust.

Dei vonar at dette vil slå godt ut i dei ulike politiske organa, mest i formannskapet og kommunestyret.

I første omgang meiner Prestnes og Myklebust at det no er på tide at formannskapet tar seg tid til ein brei diskusjon om tiltaksarbeid, næringsutvikling, næringsareal, tilretteleggjingsarbeid, marknadsføring, rammetiltak og anna arbeid i tilknytning til dette området.

Prestnes og Myklebust vonar at ordførar og rådmann kan førebu til dette i marsmøtet – lengre bør ein ikkje vente.

- Vi forstår det slik at administrasjonen alt er i gang med arbeidet med den vedtekne marknadsføringsbrosjyren. Samtalar med Sørø er også starta. Fint begge deler, skriv dei to, som sluttar slik:

- No er det om å gjera at administrasjonen og politikarane kan gjera eit godt arbeid framover i år og dei neste tre åra i denne kommunestyreperioden med å få det som susar til å susa enda meir!

Av Ola Matti Mathisen



Knut Prestnes og Torfinn Myklebust - pådrivarar for næringsutvikling. (Foto: Kristian Hus)